



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 16.09.2015
Tidspunkt: 14:00 – 19.00

Følgjande faste medlemmer møte:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|---------------------|----------|---------------|
| Jens Harald Abotnes | Leiar | KRF |
| Elin Dyrseth Liøen | Medlem | AP |
| Svein Verner Røseth | Medlem | FRP |
| Lena Tveit | Medlem | BY |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|--------------|-----------|---------------|
| Hans Solberg | Nestleiar | SP |

Følgjande varamedlemmer møte:

| Navn | Møtte for | Representerer |
|---------------|--------------|---------------|
| Anne Tandstad | Hans Solberg | SP |

Merknader

Andre som møte:

| Navn | Stilling |
|---|---|
| Bjarne Ryland | Ansvarleg revisor Deloitte – i PS 23/15, PS 24/15, PS 27/15, PS 29/15, RS 10/15, RS 11/15, RS 14/15 og RS 15/15 |
| Gunnar Husabø Tone Ramsli | Forvaltn.revisor Deloitte – i heile møtet, unnateke PS 31/15 og PS 32/15 Rådmann – i PS 25/15, PS 29/15, RS 10/15, RS 11/15, RS 14/15 og RS 15/15 |
| Nina Erdal Marit Aksnes Aase Kari Nygard Hogne Haktorson | Økonomisjef – i RS 10/15, RS 11/15, RS 14/15 og RS 15/15 Ordførar – heile møtet Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – heile møtet Kontrollsjef Hordaland fylkeskommune – heile møtet |

Jens Harald Abotnes
utvalsleiar

Kari Marie Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|--------------------|---|--------|------------------|
| PS 23/15 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| PS 24/15 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte | | |
| PS 25/15 | Klage på sakshandsaming - gjennomgang og vurdering av saka | | 2015/39 |
| PS 26/15 | Rapport etter forvaltningsrevisjon av Internkontroll i Samnanger kommune | | 2014/226 |
| PS 27/15 | Revisjonsplan for Samnanger kommune 2015 | | 2014/231 |
| PS 28/15 | Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2016 | | 2014/230 |
| PS 29/15 | Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden | | 2014/237 |
| PS 30/15 | Referatsaker | | |
| RS 10/15 | Revidert nasjonalbudsjett 2015 og kommuneopplegget for 2016 | | 2014/192 |
| RS 11/15 | Budsjettbrev 2015 og økonomiplan 2015 - 2018 frå Fylkesmannen | | 2014/231 |
| RS 12/15 | Anbudskonkurranse på revisjonstenester - habilitetsinnvending | | 2014/238 |
| RS 13/15 | Sekretariat for kontrollutvalget i Hordaland fylkeskommune - habilitetsvurdering | | 2014/238 |
| RS 14/15 | Finansrapportering 1. tertial 2015 | | 2014/231 |
| RS 15/15 | Økonomirapportering 2015 pr. mai | | 2014/231 |
| RS 16/15 | Busjettstode for kontrollutvalet sitt budsjett pr. august 2015 | | 2014/230 |
| PS 31/15 | Gjennomgang av møteprotokollar | | 2014/232 |
| PS 32/15 | Konkurransegrunnlag for innkjøp av revisjonstenester ny periode for Samnanger kommune | | 2014/238 |
| PS 33/15 | Eventuelt | | |

PS 23/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.09.2015

Handsaming i møtet:

Innkalling til møtet var først sendt ut med eit dokument, som etter nærmare vurdering, vart avgjort skulle vera u.off ut frå henvisning til .Off.lova. § 13 jamf. Forv.lova § 13. Melding om dette, saman med ny innkalling, vart sendt ut til dei som hadde fått innkalling elektronisk. Til dei som hadde motteke innkallinga på papir, vart det sendt melding pr. brev.

Det kom ellers ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 24/15 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.09.2015

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 21.05.15.

Vedtak:

Protokoll frå møte 21.05.15 vart samrøystes godkjent.

PS 25/15 Klage på sakshandsaming - gjennomgang og vurdering av saka

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek opplysningane som kjem fram i Deloitte sitt notat, datert 22.06.15, til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.09.2015

Handsaming i møtet:

Ordførar var tilstades under handsaminga. Gunnar Husabø frå Deloitte orienterte om arbeidet med saka. Kontrollutvalet drøfta og gjennomgjekk dokumenta, både memo frå Deloitte og svarbrev frå Haga datert 08.08.15.

Dersom det kjem svar frå beredskapsavdelinga eller miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen, eller frå Mattilsynet, ber kontrollutvalet om å få tilsendt kopi av svarbrev.

Konklusjon etter kontrollutvalet si drøfting var at forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek opplysningane som kjem fram i Deloitte sitt notat, datert 22.06.15, til orientering.

PS 26/15 Rapport etter forvaltningsrevisjon av Internkontroll i Samnanger kommune

Forslag til innstilling

Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i rapport etter forvaltningsrevisjon av internkontroll i Samnanger kommune.

Kommunestyret ber rådmann syta for å:

1. Arbeide vidare med å sikre at internkontrollarbeidet har eit sterkt fokus i kommuneorganisasjonen.
2. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til overordna internkontroll, vart gjennomført.
3. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til internkontroll i støtteprosessar, vart gjennomført.

4. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til tenestepesifikk internkontroll, vert gjennomført. Kommunestyret vil at arbeid med å etablere lovpålagt internkontrollsystem i barnevernstenesta, slik det er krav om etter barnevernlova, vert prioritert.
5. Sikre at tilsette får systematisk opplæring og støtte i bruk av internkontrollsystem, og at det vert etablert rutinar for leiinga sin gjennomgang av internkontrollsystemet.
6. Lage ein handlingsplan innan 01.01.2016 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.09.2015

Handsaming i møtet:

Gunnar Husabø frå Deloitte presenterte rapporten som er lagt fram etter forvaltningsrevisjonen. Kontrollutvalet drøfta rapporten og dei tilrådingane som er gjeve. Utvalet kom med synspunkt på at det vart ein god og tydeleg rapport som er framlagt. Det vart og peika på at det vil ta tid å setja i verk tiltak for å følgja opp tilrådingar i rapporten. I innstillinga til kommunestyret bør det setjast frist til 01.01.16 med å laga plan for oppfølging av tilrådingane i forvaltningsrevisjonen.

Kontrollutvalet ønskjer og at det vert gjeve ei orientering til kommunestyret før saka skal handsamast der. Kontrollutvalet gjekk samrøystes inn for innstilling i saka til kommunestyret.

Innstilling:

Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i rapport etter forvaltningsrevisjon av internkontroll i Samnanger kommune.

Kommunestyret ber rådmann syta for å:

1. Arbeide vidare med å sikre at internkontrollarbeidet har eit sterkt fokus i kommuneorganisasjonen.
2. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til overordna internkontroll, vert gjennomført.
3. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til internkontroll i støtteprosessar, vert gjennomført.
4. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til tenestepesifikk internkontroll, vert gjennomført. Kommunestyret vil at arbeid med å etablere lovpålagt internkontrollsystem i barnevernstenesta, slik det er krav om etter barnevernlova, vert prioritert.
5. Sikre at tilsette får systematisk opplæring og støtte i bruk av internkontrollsystem, og at det vert etablert rutinar for leiinga sin gjennomgang av internkontrollsystemet.
6. Lage ein handlingsplan innan 01.01.2016 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.

PS 27/15 Revisjonsplan for Samnanger kommune 2015

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.09.2015

Handsaming i møtet:

Ansvarleg revisor Bjarne Ryland presenterte revisjonsplan og gjennomgjekk oppgåver for revisor og revisjonsprosessen i løpet av året. Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til revisjonsplan og gjorde samrøystes vedtak om å ta den til orientering.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisjonsplan for Samnanger kommune for 2015 til orientering.

PS 28/15 Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2016

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2016.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.09.2015

Handsaming i møtet:

Budsjettpostar i forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet vart gjennomgått og drøfta. Det kom ikkje forslag til endringar av budsjettpostar. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2016.

PS 29/15 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden

Forslag til vedtak

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Samnanger kommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.09.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet (heretter kalla KUV), ordførar, rådmann, revisor og sekretariatet har gjennomført evaluering av arbeidet i KUV i valperioden 2011 – 2015. Følgjande spørsmål er drøfta:

| Nr. | Spørsmål | Svar |
|-----|---|---|
| 1 | I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre? | OK fungerer bra nå, har fått erfaring etter kvart. Møta er godt tilrettelagde av sekretariatet. |
| 2 | Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda? | Ja, 4 – 5 møter er tilstrekkeleg |
| 3 | Klarer KUV å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre? | Det har vore nokre utfordrande saker i perioden, og KUV har gjort det ein kunne ut frå situasjonen. Det har vore lærdom og erfaring å henta undervegs. |
| 4 | I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte? | Dei økonomiske rammene har vore litt avkorta / amputert. Av den grunn er det blitt brukt minder midlar enn KUV kunne ønska. For gjennomføring av prosjekt har det måtta fordelast over to år. Viktig med god info til KST når budsjett vert lagt fram |
| 5 | Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen? | Rådmann og andre frå administrasjonen har møtt når dei er spurd. Det er god dialog og info-utveksling. Samarbeidet er godt. KST må få opplæring i roller og oppgåver for KUV |
| 6 | Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til ei god forståing? | Forståing av roller og ansvar kunne vore betre. Viktig med god opplæring i ny periode for betre rolleforståing. Alle må få delta på ny folkevaldopplæring - både KST og KUV. |
| 7 | Er det klare roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen? | Ja, roller er i utgangspunktet godt klarlagt – men både KUV og KST har gjerne ikkje hatt god nok kunnskap om sine roller i alle situasjonar. |
| 8 | I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside? | Synleggjing av KUV på heimesida kan bli betre. Det er viktig med god dialog om dette nå, ved starten av ny valgperiode. |

| | | |
|----|---|--|
| 9 | Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko? | Det har vore positivt at KUV og har hatt møter utanfor kommunehuset. Besøke institusjonar og bedrifter er positivt i KUV-arbeidet. |
| 10 | Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre? | Samhandling med revisor har fungert godt. |
| 11 | Korleis fungerer arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll? | Dette har vore ein god prosess på som gjerne kan vidareførast. Gjerne strekka opplæring om dette over tid / i løpet av arbeid med nye planar. |
| 12 | Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre? | Samhandlinga med sekretariatet har vore god. |
| 13 | Kva forbetringstiltak kan gjennomførast? | Ingen særskilde ting å merka til dette punktet. |
| 14 | Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde og kor omfattande bør det vera? | Folkevaldopplæringa for KUV bør vera lokalt (saman med KST), og på samlingar med andre kontrollutval. Gjerne «drypp» utover året / perioden. |
| 15 | Folkevaldopplæringa for kommunestyret: - Bør KUV få delta her? - Bør roller og ansvar for KUV presenterast her? | Heile KUV bør vera med på folkevaldopplæring (saman med KST). Nyttå den lærdommen ein har erfart i denne valperioden. Viktig å læra om kvarandre sine roller og oppgåver. Viktig å læra om prosess med KUV-budsjett. Viktig å fokusera på tillit mellom aktørane når det gjeld kontroll- og tilsynsarbeid. |
| 16 | Anna | Ingen ting vart teke opp under dette punktet |

Vedtak:

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Samnanger kommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.

PS 30/15 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.09.2015

Handsaming i møtet:

Referatsakene vart gjennomgått, drøfta og samrøystes teke til orientering.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek referatsakene til orientering.

PS 31/15 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.09.2015

Handsaming i møtet:

Det var ingen saker som kontrollutvalet hadde merka seg ved gjennomgang av møteprotokollar. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 32/15 Konkurransesgrunnlag for innkjøp av revisjonstenester ny periode for Samnanger kommune

Forslag til vedtak

1. Framlagt konkurransesgrunnlag, med dei endringar som kom fram i møtet, vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransesgrunnlaget, før det vert sendt ut.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.09.2015

Handsaming i møtet:

Konkurransesgrunnlaget er unnateke offentlegheit etter offentleglova § 23, 3. avsnitt. Møtet vart lukka under handsaming av saka, med heimel i kommunelova § 31.3, jf. offl. § 14.

Dokumenta vart delt ut på rødt papir og gjennomgått i møtet og samla inn att etterpå. Kontrollutvalet drøfta innhaldet i dokumenta. Sekretariatet svarte på spørsmål frå utvalet. Det kom ikkje fram forslag om endringar til konkurransesgrunnlaget.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Framlagt konkurransesgrunnlag vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransesgrunnlaget, før det vert sendt ut.

PS 33/15 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.09.2015

Handsaming i møtet:

Brev som er kome til kontrollutvalet frå ein ukjent person blei lagt fram på raudt papir. Det vart vedteke at saka skulle handsamast i lukka møte med heimel i Kommunelova § 31.3. Rådmannen orienterte om bakgrunn for saka og svarta på spørsmål frå kontrollutvalet. Ordførar var og tilstades og svarta på spørsmål frå utvalet.

Spørsmål om kontrollutvalet skal handsame anonyme henvendingar vart drøfta. Utvalet meinte at ein ikkje skal utelukke å ta opp slike saker, men ser ikkje at denne saka er av ein slik grad at den skal handsamast vidare av kontrollutvalet, i forhold til andre viktige saker.

Utvalet meinte at graden av alvorligheit i denne saka ikkje er stor nok til at ein vil gå vidare med den. Saksforholdet har vore anmeldt tidlegare, og det føreligg avgjerd om å leggja bort anmeldelsen. I brevet til kontrollutvalet vert det oppmoda om at kontrollutvalet skal vidareformidla opplysningar i saka til politiet. Det ligg ikkje til kontrollutvalet sin mynde å gjera dette.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet vil ikkje ta den anonyme henvendinga opp til handsaming.